



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	27.11.2025	
Kommunestyret	16.12.2025	

Løypekøyring 2026 og framover

Vedlegg

Dokument i saka

Sak nr 2022/692 Løypekøyring 2022-2025

Sak nr 2023/6037 Løypekøyring i Rauland

Bakgrunn

Vinje kommune har i mange år ytt tilskot til løypekøyring på seks stader i kommunen. Frå 2013-2017 vart det løyvd kr 2 100 000,-, i tidsrommet 2018-2021 kr 2 725 000,-. I tidsrommet 2022-2025 vart det løyvd kr 3 500 000,-, og i sak 2023/6037 vart det løyvd ei årleg auke til Rauland Turist AS på kr 1 500 000,-.

Kr 3 500 000 er innarbeid i ramma til næring, men tilleggsløyvinga til Rauland Turist AS, er ikkje det og må ev løyvast opp att. Dette og på bakgrunn av at sak 2022/692 og bare gjeld for 3 år er det naudsynt å ta dette opp att til drøfting og vonleg nytt samla vedtak for åra framover.

Vurdering

Skiløypene i Vinje kommune er det mest viktige og mest brukte tilbodet ein har i kommunen. Desse løypene er eit fantastisk tilbod til både «Vinbyggjen», «Hyttevinbyggjen» og dei som held til i nabokommunane! Det er difor svært viktig å halde fram med å stø dei som gjer ein kjempejobb i å halde desse løypene på ein proff og framifrå måte.

Me veit alle at det er høgt krav til standarden på desse løypene. Av og til er det utfordrande å greie å det, når det anten ikkje er nok sno eller at det laver ned. Likevel er meldingane stort sett at løypenettet er svært bra og er soleis eit aktiva for alle.

Rammene i dag er slik:

Til Rauland og Vågslid	Kr 2 800 000,-
Til dei andre	Kr 700 000,-
Tillegget til Rauland	<u>Kr 1 500 000,-</u>
Totalt til skiløypekøyring	<u>Kr 5 000 000,-</u>

Med ein strammare kommuneøkonomi må vi prioritere hardare, og det vil føre til at me må redusere tilbodet innanfor visse område, og auke forventningane til at brukarane betalar meir av løypetilbodet. Kommunedirektøren ser det difor naudsynt å sjå på dette på nytt og rår til å trappe ned løyvinga, i sak 2023/6037, over dei neste åra.

Tillegget blir då slik for 2026: kr 1 100 000,-, for 2027: kr 700 000,-, for 2028: kr 300 000 og er attende på det vedtekne grunntilskotet fom 2029.

Administrasjonen har utarbeidd eit system der aktørane har noko fast støtte, og noko som er avhengig av kor mykje ein køyrer. Dette vert dokumentert ved logging. Det vert òg gått gjennom kva Vinje kommune har som krav til standard kvart år.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune held fram med det vedtekne grunntilskotet, men trappar ned tilleggsloyvinga over dei neste åra. Tillegget blir då slik for 2026 kr 1100 000,-, for 2027 kr 700 000,-, for 2028 kr 300 000,-. Inndekt frå næringsfondet.